



HARDANGER OG VOSS  
MUSEUM

Hordaland fylkeskommune

24 NOV 2014

Hordaland Fylkeskommune  
Kultur og Idrettsavdelinga  
PB 7900  
5020 Bergen

**Rapport for gjennomført prosjekt.  
Bruk av museumsplanmidlar 2014. Tiltak 30 Digitalt museum og interaktiv  
kommunikasjon med publikum kr. 50 000,- og tiltak 44 Medverknad ved store jubileum  
kr. 100 000,-**

**Dykkar referanse. 2014/16447-5**

### **Medverknad ved store jubileum**

I tidsrommet 31.06.2014 til 31.08.2014 viste Kunsthuset Kabuso utstillinga «Vårt Herlige Hjem» som ei markering av grunnlovsjubileet. Utstillinga var kuratert av sjefskonservator Knut Ormhaug ved KODE – Kunstmuseene i Bergen. Fleire av verka vår lånt ut frå samlinga til KODE, medan andre var frå private eigarar. Hovudattraksjonen i utstillinga var Tidemand og Gude sitt kjente ikon, *Brudeferden i Hardanger*. I tillegg til markante verk frå Noregs kunsthistorie, viste utstillinga verk av nyare dato, der kunstnarens forhold til naturen vart problematisert.

### **Målsetting:**

Vår målsetting var å nå ut til eit breitt publikum med ei utstilling som markerte grunnlovsjubileet. Me ville vise korleis kunstnarar i ulike generasjonar har gjengjeve naturen, og korleis naturen på denne måten kan bli politisk.

Utstillinga var besøkt av 4560 personar, noko me er godt nøgd med. Utstillinga fekk god pressedekning i forkant av opning, blant anna eit lengre innslag på NRK. Store delar av publikum brukte lang tid i denne utstillinga.

Utstillinga treffe ulike aldersgrupper. Alle skulane i området var innom.

Vedlegg: besøksstatistikk og rekneskap.

## Digitalt museum og interaktiv kommunikasjon med publikum

I juni 2014 fekk Hardanger og Voss museum 50 000 kroner frå fylket. Midlane var øyremerka digitalt museum og interaktiv kommunikasjon med publikum, og me valde å bruka heile tilskotssummen på registreringsarbeid ved Voss folkemuseum.


Gjenstandssamlingane i Hardanger og Voss museum er i hovudsak samla inn ved dei to avdelingane Hardanger Folkemuseum og Voss folkemuseum. Samlingane er i stor grad overlappende, og me ynskjer å koma i gang med ei prioritering av desse. Før me kjem så langt, må me få eit betre oversyn over kva me faktisk har, og den store bøygen i det arbeidet er at Voss folkemuseum har eit stort etterslep på registreringssida. Dei fleste gjenstandane er registrerte på NKKM-skjema, men ikkje digitalt. I alt har avdelinga rundt 20 500 katalognummer.

Bemanninga ved avdelinga er såpass lita at det er vanskeleg å setja av nok tid til å få fortgang i registreringsarbeid. Me hyra difor inn Håkon Brattespe i eit tidsavgrensa engasjement. Brattespe arbeider i halv stilling ved Hardanger Folkemuseum, og har hovudansvar for gjenstandsregistrering der. Då var det ikkje behov for opplæring; han kunne ta til med registrering alt frå fyrste arbeidstime.

Han bur på Brattespe i Hardanger, og arbeidde stort sett heime. Han har hatt nokre turar til Voss, dels for å drøfta arbeidet, dels for å henta fleire skjema han kan skriva av. Då han tok til var 5500 av gjenstandane registrerte i Primus, altså litt over 25 %. Løyvinga frå fylket gjorde at me fekk registrert bortimot 2500 til, slik at me no har registrert rundt 40 % av gjenstandane.

Desse nye registreringane er så langt ikkje lagt ut på Digitalt Museum. Før me kjem så langt må dei fotograferast, og i den fasen av registreringsarbeidet me er no er det betre tidsbruk å få teksten på plass i Primus.

Med venleg helsing

Heidi Jaeger  
  
Fagleg leiar, Kunsthuset Kabuso

Eirik Helleve (s.)

Styrar, Voss Folkemuseum